



Retningslinjer 2021-2024

NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOG (NMSK-midler)

- **SKOGKULTUR**
- **SKOGSVEGAR**
- **TAUBANE m.m.**



	Saksnummer, arkiv	2020/46
	Teknisk sektor	07.04.2021
Vedtak	Driftsutvalet	Dato 26.04.2021 - sak 27/21

Innhald

1. Bakgrunn.....	2
2. Organisering av arbeidet	3
3. Skogbruket – utvikling og prioritering.....	3
3.1 Skogbruket i Vanylven	4
3.2 Bruken av NMSK-midlane 2013-2020	4
3.3 Prioriteringar i perioden	5
4. Retningslinjer for tilskot til skogkultur og miljøtiltak i skog.....	5
4.1 Tilskotssatsar	5
5. Retningslinjer for tilskot til skogsvegar i Vanylven	6
5.1 Tilskotssatsar:	6
6. Retningslinjer for tilskot til taubane, hest o.a. i Vanylven	7
6.1 Tilskotssatsar:	7
7. Risikovurdering ved uttak av søknader for kontroll.....	8
7.1. Rutinar for handsaming av søknader før og etter kontroll	8
7.2. Risikobasert kontroll av tilskot til skogkultur og utbetalingar frå skogfond:	8

1. Bakgrunn

Lovgrunnlag: **Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket** (fastsett 4.2.2004)

Formålet med tilskotet er at det ut fra regionale og lokale prioriteringar blir stimulert til økt verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdier knytta til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen blir ivaretatt og vidareutvikla.

Det skal fastsettast retningslinjer for tildeling av midlane.

NMSK-tilskot til skogkultur har vore ein del av ein felles planstrategi med SMIL-midlane sidan 2004, med rullering kvart 4.år. Den siste gjaldt perioden 2018-2021.

Tilskot til skogsveg og taubane vart overført frå Fylkesmannen til kommunane frå 2020, med kommunale retningslinjer for 2020 (Driftsutvalet sak 06/20, den 10.2.20).

No samlar vi alle tre ordningane i felles retningslinjer for perioden 2021-2024.

2. Organisering av arbeidet

Retningslinjer skal utarbeidast i dialog mellom Statsforvaltaren, kommunen og næringsorganisasjonane i skogbruket lokalt. Dei har fått retningslinjene og tilskotsattsane til uttale.

Søre Sunnmøre skogeigarlag v/leiar Håkon Eliassen: Dei støttar framlegget med omsyn til prioriteringar, tilskotsreglar og tilskotsatsar, og meiner utkastet er godt.

Statsforvaltarens landbruksavdeling v/fylkesskogmeister Odd Løset:

Statsforvaltaren ber oss styre tilskot i retning av hogst av eldre granskog, med krav om høgare minstealder på skogen. Når dei fordeler midlane prioriterer dei ungskogpleie og forynging, maks sats for tilskot til markbereding og planting etter furu- og lauvhogst er sett til 50%. Etter granhogst maks 30%. Kommunar som har sett ned tilskotsattsane slik, vert prioritert.

Retningslinjene har generelt høgt tilskotsnivå for skogkulturarbeid, men kommunen kan avgjere dette.

Dei er litt skeptisk til biovirketilskot. Det krev at virket går til flis eller liknande, ikkje ved.

Tilskot til felling av nyttbar lauvskog vert dekt opp av driftstilskot til treslagsskifte.

Dei rår også til at kontrollplan vert ein del av desse retningslinjene.

Kommentar: Satsane er tilsvarande som i nabokommunane, og er høge for å stimulere til aktivitet. Tilskot til felling av nyttbart lauv går ut, fordi det vert dekt av eiga ordning.

Vi tek ut biovirke frå planen. Og kontrollplan er lagt inn i slutten av planen.

Allskog v/skogbruksleiar Per Gunnar Sande har ikkje gjeve innspel no, men har tidlegare ytra ønske om at kommunane har så like tilskotsattsar som muleg. Derfor har vi lagt oss på same tilskotsattsar som Herøy m/fleire, og delvis som Ørsta/Volda. I tillegg har kommunane på Søre Sunnmøre samarbeidd uformelt om retningslinjene.

Det er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som fordeler midlar til kommunane kvart år. Tildelte midlar skjer t.d. etter innmeldte behov, forbruk siste 3-5 år, skogressursane og lokale prioriteringar.

Vedtak om tildeling av tilskot vert gjort av kommunen. Forvaltninga av tilskotsordningane er delegert til den administrative landbruksforvaltninga, organisert under teknisk sektor. Vedtak fatta av kommunen kan påklagast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, men sendast om kommunen.

3. Skogbruket – utvikling og prioritering

Vi viser til landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017-2021 (Fylkeskommunen), der det står at skogbruket spelar ei vesentleg rolle i overgangen til meir bruk av grøn energi. Både som tiltak mot karbonutslepp (eige tilskot til tettare planting), miljøvennleg byggemateriale, bioenergi som ved/flis til oppvarming (gjev energiforsyning, mindre utslepp av klimagassar og rydding i kulturlandskapet), og nye, spennande bruksområde (fôr, råstoff i matvareindustri). Skog er ein ressurs som kan gi grunnlag for betydeleg lokal verdiskaping.

Vi har meir hogstmoden skog enn nokon gong tidlegare i moderne tid, men avverkinga er låg. Ein stor del av skogen i Møre og Romsdal ligg i vanskeleg terreng. Det har også vore tendens til å hogge skogen for tidleg. Let ein god skog stå til ein når høgaste hogstklasse (kanskje i 70-90 år), vert det meir og betre tømmer, høgare prisar og meir karbonopptak.

Interesse for hogst er avhengig av prisnivå og tilskotsordningar. Prisen og tilskota må kunne finansiere innleigd arbeidskraft med hogstmaskin og evt taubane. Midlar til taubanedrift er viktig for å kunne ta ut skog på areal som ikkje er tilgjengeleg på andre måtar.

Lovverket er tydeleg på at areala skal foryngast etter hogst. Men det er nødvendig med offentlege tilskot og skogfond med skattefordel, for å halde aktiviteten oppe. Arbeidskraft, tilgang på plantar og god plantemark er andre viktige faktorar.

3.1 Skogbruket i Vanylven

Ifølge SSB er barskogarealet i Vanylven på 16 000 dekar. Lauvskogarealet er 50 000 dekar. Tidlegare har vi gått utifrå eit produktivt skogareal på 41 000 dekar. Total kubikkmasse var i 1996 berekna til 110 000 m³ og årleg tilvekst var rekna til 8000 m³.

Det vart planta mykje barskog på 50- og 60-talet, og desse bestandane vert etter kvart hogstmodne.

Sidan 2008 er det teke ut i snitt berre 1000 m³ pr. år. Dagmar-orkanen auka snittet, då det vart levert 9500m³ i 2013. Når det er hogstmaskin i området aukar hogsten og interessa. I 2017 var det levert over 8100 m³ frå eit felt i Syvde og på Rovde.

Hogstflater skal etter skoglova plantast til, innan 3-4 år. Slik det er no er det for lite hogst og for lite planting der det vert hogd. Fellestiltak er ønskeleg i skogbruket, med tanke på rasjonelle løysingar for hogst og skogsveggar. Sandnesdalen var eit slik fellestiltak, og der er mesteparten av skogen no fornya.

Elles er inntrykket at det lite interesse for hogst, planting og stell av skogen. Ei handfull aktive skogeigarar driv med eigen hogst, og leverer litt kvart år (ca 100-200 m³/år). Nokre har sagbruk, og lagar material til eige bruk. Tilskotet bør også stimulere til eigeninnsats for skogeigarane.

I Vanylven er det utfordringar med hjorteskade i både plantefelt og eldre skog. Også gransnutebille er blitt ei ny utfordring siste åra, med skade på nye planter. Eit tiltak er å vente med nyplanting i 3-4 år, men då vert det meir behov for flaterydding for lauvkratt og anna. Bratt terreng og manglande skogsveggar er andre utfordringar. Det er ønskeleg med meir ungskogpleie og tilrettelegging av skogsmark.

Tilskot er nødvendig for å stimulere til ønska utvikling.

3.2 Bruken av NMSK-midlane 2013-2020

ÅR	Tildelt	Løyvd/Utbetalt etter søknad	Ubrukte midlar
2013	45 000	6 200	38 800
2014	25 000	9 151	15 849
2015	121 268	121 268	0
2016	39 000	25 288	13 712
2017	35 000	30 100	3 900
2018	56 548	56 548	0
2019	101 010	101 010	0
2020	35 000	0	35 000
Sum	336 558	349 565	107 261

I perioden har mesteparten av NMSK-midlane gått til planting. Toppåret 2015 var det planting av Sandnesdalen etter orkanhogst. I 2019 vart det mykje suppleringsplanting der, fordi plantene frå 2015 gjekk ut pga. skade. Då fekk vi auka tildeling, normalt ligg tildeling på kr 30 000 pr. år.

Elles har tilskotet gått til litt grøfting, rydding og gjødsling.

Det har ikkje vore løyvd tilskot til skogsveggar siste åra, då skogsbilveggar i andre deler av fylket er prioritert.

For 2021 har vi fått løyvd 30 000 til skogkultur, 20 000 til skogsveg.

Kommunen kan søkje om tilleggsløyving innan 1.september, dersom det er midlar att hos Statsforvaltaren.

Taubanetilskot vert tildelt etter innmeldt behov.

Etterspurnaden har vore låg, men vi har heller ikkje mykje midlar til fordeling. Meir kunngjering av ordningane vil kanskje auke etterspurnaden – og dermed tildelinga frå Statsforvaltaren.

Ordninga opnar også for tilskot til utdrift av skogsvirke til energiproduksjon (bioenergi), som t.eks. flis. Det er stadig spørsmål om tilskot for å rydde i kulturlandskap og langs kantar for betre utsikt, så om det er lite anna skogsdrift kan dette prioriterast.

3.3 Prioriteringar i perioden

Målsetting med bruken av dei økonomiske virkemidlane

- 1) Forynging av skog
- 2) Ungskogpleie
- 3) Kvalitetsfremjande tiltak i skogen som på sikt kan gje auka lønsemd
- 4) Andre tiltak

Aktuelle prioriteringar for tilskot i Vanylven:

1. Skogplanting.
2. Skogkulturtiltak i yngre skog.
3. Rydding av planteareal.
4. Drenering.
5. Bygging av skogsveggar. Fellestiltak vert prioritert.
6. Andre miljøtiltak

Ved prioriteringa skal ein vurdere søknadane ut frå naturmangfaldlova. Tiltak med klimaeffekt har prioritet.

Andre prioriteringar for arbeidet med skogbruk i Vanylven:

1. Stimulere til hogst – i hogstmoden skog og ved treslagsskifte.
2. Kontroll av ordninga - Oppfølging av plantingar av hogstflater.
3. Kunngjere ordninga kvart år.

Tilskotssatsane vert gjennomgått kvart år, og eventuelt justert, i samråd med skogeigarlag og Statsforvaltaren. For eige arbeid skal timesatsane for SMIL-ordninga/ Innovasjon Norge sine satsar nyttast.

4. Retningslinjer for tilskot til skogkultur og miljøtiltak i skog

Fastsett med vising til *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Søknadsfrist er 15.10. Løying innan 1 måned etter søknadsfristen. Etter dette vert det eventuelt fortløpande vurdering av innkomne søknader, dersom der er att midlar.

Søknad skjer via elektronisk skjema, eller særskilte skjema for ordningane, med nødvendige vedlegg. Om ein ikkje har nok midlar kan søkjar få avslag, og ein må eventuelt søkje på nytt neste søknadsomgong.

4.1 Tilskotssatsar

1. Nyplanting og suppleringsplanting
 - a. Inntil kr 4,00 pr. plante til eige arbeid
 - b. Inntil kr 5,00 pr. plante for suppleringsplanting til eige arbeid
 - c. Elles etter rekning frå entreprenør
 - d. Inntil 50 % tilskot til planting etter hogst
 - e. Inntil 70 % tilskot til suppleringsplanting
2. Flaterydding
 - a. Inntil 50% tilskot, maks kostnad kr. 150,- pr. dekar
3. Markbereding
 - a. Inntil 50% tilskot
4. Ungskogpleie
 - a. Inntil kr. 350,- pr. daa for eige arbeid
 - b. Inntil 70 % tilskot
5. Grøfting
 - a. Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnad.
 - b. Tiltaket gjeld vedlikehald av grøfter på areal der det er gjennomført hogst. Ordninga gjeld ikkje nygrøfting.

For felling av lauvskog for etablering av barskog, sjå ordninga for tilskot til taubane m.m.

5. Retningslinjer for tilskot til skogsvegar i Vanylven

Fastsett etter *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Krav til veganlegget:

- Før anleggsarbeidet vert sett i gang skal det føreligge ein byggjeplan godkjent av kommunen.

Vilkår:

- Vegen skal utgjere ein del av det permanente vegnettet.
- Søknaden skal gjelde nyanlegg og/eller ombygging. Det skal vere planlagt snu- og velteplassar.
- Det kan setjast vilkår for utbetaling av tilskot til dei einskilde tiltaka, jf. § 3 i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Vilkåra må vere i samsvar med formålet med tiltaka.
- Minste tillatt indre diameter på stikkrenner er 400 mm. For stikkrenner som kun har drenefunksjon kan det tillatast indre diameter ned til 150 mm.

Prioriteringsgrunnlag for tilskot:

- Ved prioritering av søknader vert det vurdert om vegen er planlagt i tråd med hovudplan eller foreløpig hovudplan. Skogsbilvegar blir prioriterte framfor traktorvegar.
- Løysing av flaskehalsar, snuplassar og tiltak for å få tømmerbil av offentlig veg prioriterast.
- Det vert vurdert om vegen vil bidra til å ta vekk grunnlaget for å få bygd ut større samarbeidsprosjekt.
- Samarbeidstiltak vert prioritert framfor søknader som gjeld einskildskogeigarar, der det er grunnlag for slike vegløyningar.
- Det vert vurdert om vegen vil utløyse stor aktivitet, nært føreståande, framfør på lang sikt.
- Jordskiftevegar vert prioritert framfor andre vegar som elles vert vurdert likt.

Søknad, sakshandsaming og utbetaling:

- Søknad på fastsett skjema /skjemaløysing skal sendast kommunen for kontroll og prioritering.
- Standard på tilstøytande offentlig veg skal avklarast. Det vert ikkje løyvd tilskot til vegar som er knytt til vegar med så låg bereemne at tilskotsvegen ikkje kan nyttast til føremålet.
- Søknadsfrist for fyrste tildelingsrunde er 15. mars. Etter dette vert det eventuelt fortløpande vurdering av innkomne søknader, dersom det er att midlar.
- Elektronisk skjema eller skjema SLF-904 skal brukast ved utbetaling av tilskot.
- Kommunen har ansvar for kontroll av at byggjearbeidet er gjennomført i tråd med føresetnadane, godkjenning av byggjearbeidet og sluttregneskap.
- Kommunen skal følgje opp vilkår som er sett, og i dialog med fylkesmannen setje i verk naudsynte tiltak.

5.1 Tilskotssatsar:

- Skogsbilveg inkludert snu- og lunneplassar: inntil 50 %.
- Vegar etter hovudplan eller foreløpig hovudplan: inntil 60 %.
- Traktorveg kl. 7: inntil 40 %. Høgaste sats kan berre brukast der vegen seinare vil bli bygd om til skogsbilveg.
- Støtte til dekking av kostnader ved innleie av hjelp til vegplanlegging/byggeleiing: lik sats som tilskot til vegbygging. Ved bruk av godkjent vegplanleggar og prosjektleiar 5 % + 3 %.
- Ved ei samstemt skogforvaltning kan det unntaksvis løyvast særskild ulempestilskot i samband med klimatilpassing/sikring etter drift. Skal avklarast med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

6. Retningslinjer for tilskot til taubane, hest o.a. i Vanylven

Fastsett etter *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Driftsformer som ordninga omfattar:

- Taubane-/ slepebanedrift.
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng for å minske behovet for graving i hogstfelt.
- Drift av glissen skog på høg bonitet. Krev skifte til treslag som utnyttar produksjonsevna.

Vilkår:

- Virket skal vere registrert i virkesdatabasen.
- Kommunen skal førehandsgodkjenne alle taubane-/ slepebanedrifter. Drifter som ikkje er avklart med skogansvarleg før oppstart vil ikkje få tilskot.
- Minstealder på ulike bonitetar for taubanetilskot i botn av dette dokumentet. Søkjar må dokumentere alder på skogen (t.d. kopi av skogbruksplandata, borrhøve eller tal årringar) i søknad om tilskot, før handsaming. Det skal takast prøver i ulike deler av omsøkt hogstfelt.
- Vedtak om driftstilskot skal innehalde naudsynte vurderingar i høve til naturmangfaldlova, jf. eigen rettleiar frå Landbruksdirektoratet som kom i 2015.
- All skogsdrift skal gjennomførast i tråd med Forskrift om berekraftig skogbruk.
- Vilkår om tilfredstillande forynging ved løyving av tilskot
- Det skal ikkje gis tilskot der areal skal omdisponerast til beite, utbygging eller anna.

Søknad, sakshandsaming og utbetaling:

- Elektronisk søknad eller skjema SLF-916 skal nyttast.
- Ved søknaden skal det leggjast ved eit detaljert kart som syner driftsområdet.
- Fortløpande behandling av søknader
- Minste beløp for utbetaling er kr 2.000.

6.1 Tilskotssatsar:

- Taubanedrift furu og lauv: inntil 200 kr/m³
- Taubanedrift gran: inntil 140 kr/m³.
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng:
60 % tilskot for dokumentert kostnad, inntil 400 kr/time.
- Ved treslagsskifte, med førehandsgodkjenning av kommune:
inntil 200 kr/m³ for hogst av lauv og inntil 150 kr/m³ for hogst av furu.

Det vert ikkje løyvd tilskot til taubanedrift der bestandsalder er lågare enn:

Bonitet	Lågaste hogstalder	Kommentar
G23	60	Alderskrav kan fråvikast av helsemessige eller andre årsaker, ved vurdering og godkjenning frå skogbruksansvarleg.
G20	65	
G17	70	
G14	75	

7. Risikovurdering ved uttak av søknader for kontroll

Definisjonar

Sannsynlegheit: Sannsynlegheit for feil i ulike tiltak.

Konsekvens: Konsekvensar av feilutbetaling for søkjar (økonomisk og juridisk), rettstryggleik (ulik handsaming av like tilfelle), tap av omdømme for ordninga i samfunnet.

Risiko: Sannsynlegheit for feil og konsekvensen av feil i form av omdømetap, feilutbetaling, ulik handsaming.

Risikovurdering:

$$\text{Risiko} = \text{sannsynlegheit} \times \text{konsekvens}$$

jf. figuren nedanfor:

Konsekvens	Moderat	Høg	Høg	Høg
	Låg	Moderat	Høg	Høg
	Låg	Låg	Moderat	Høg
	Låg	Låg	Låg	Moderat
	Sannsynlegheit			

Når det gjeld sannsynlegheit for feil, skal ein vurdere kva for tiltak og tilhøve som utgjør høgast risiko.

7.1. Rutinar for handsaming av søknader før og etter kontroll

Sakshandsamar skal gå gjennom søknadene før kontrollen i felt for å sjekke slik at desse får spesiell merksemd. Sakshandsamingsprogram og ØKS skal nyttast for det som kjem inn frå søkjar eller vert sendt ut, slik at all kommunikasjon (E-post, telefon, SMS eller anna) mellom søkjar og sakshandsamar i samband med gjennomgangen er dokumentert i ettertid.

7.2. Risikobasert kontroll av tilskot til skogkultur og utbetalingar frå skogfond:

Fargeindikator	Tyding	Konkrete risikoindikatorar
Raud	Kommunen skal gjennomføre feltkontroll.	<ul style="list-style-type: none"> - Tiltak som har total kostnad over 50 000 kr. - Treslagskifte.
Gul	Kommunen skal vurdere å gjennomføre feltkontroll.	<ul style="list-style-type: none"> - Eige arbeid. - Ungskogpleie med flater over 20 dekar. - Suppleringsplanting. - Grøfting.
Grøn	Kommunen treng ikkje å gjennomføre feltkontroll om 5 %-kravet er oppfylt.	<ul style="list-style-type: none"> - Kun stikkprøve kontroll dersom det ikkje er saker/tiltak på gult/raudt.